



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 18.06.2013

Vår ref.: 2013/2761

Arkivnr.: 433.6

Haver Advokatfirma Ans  
Forusbreen 78  
4033 Stavanger

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Dispensasjon frå forskrift om svarthalespove som prioritert art

**Fylkesmannen gjev med dette dispensasjon frå forbodet mot slått i hekkeområde for svarthalespove på omsøkte eigedommar i år. Vedtaket er grunngjeve med at forbodet gjev vesentleg vanskeleggjering og tap. Samstundes gjer vi merksam på at dispensasjonen ikkje gjeld forbodet mot uttak, skade og øydelegging av svarthalespove.**

Vi syner til brev, dagsett 11.06.2013, der de søker om dispensasjon frå forbodet mot slått av økologiske funksjonsområde for svarthalespove på vegne av Are Haugland (gnr 40/16), Trond Kristian Refve (gnr 41/1), Jarlov Reve (gnr 41/4), Jon Tore Refve (gnr 41/13), Thor Refve (gnr 41/3) og Kjell Harald Horpestad (gnr 40/1), alle i Klepp kommune. Vi syner og til informasjonsbrev frå oss av 16.05.2013 og brev til kvar av søkerane med opplysning om hekkande svarthalespove på deira eigedom i år. Etter ny gjennomgang av hekkeaktiviteten i området midt i juni ser det ut til at det ikkje er hekkeaktivitet hos Horpestad. Hos dei andre søkerane er det truleg 8-10 par med egg eller ungar.

Søkarane kan søke om tilskot til utsett slått til 5. juli for hekkeområda, men vil ikkje nytte dette høvet.

**Fylkesmannen gjev med dette dispensasjon frå forbodet mot slått av hekkeområda før 5. juli på eigedommane til dei aktuelle søkerane i år.**

Vedtaket om dispensasjon er heimla i Forskrift om svarthalespove (*Limosa limosa*) som prioritert art, fastsett ved kongelig resolusjon 20. mai 2011, §8, jf naturmangfaldlova §24. Dispensasjonen gjeld forskrifta §4, 3. ledd, som seier at slått før 15. juli, drenering av våtmark og nydyrking er forbode i det økologiske funksjonsområdet til svarthalespoven. Vi har tidlegare gitt ein generell dispensasjon til slått fram til 5. juli. Økologisk funksjonsområde tilsvarar hekkeområdet. Det er ikkje høve til å gje dispensasjon frå forskrifta §3. §3 er eit generelt forbod mot uttak, skade og øydelegging av svarthalespove. Som øydelegging reknast aktivitet som er eigna til å skade, forstyrre eller på anna vis påverker individa negativt.

Slåtten vil truleg ta livet av det aller meste som måtte vere der av ungar, eller rovdyr/fuglar vil ta eventuelle overlevande ungar når dei ikkje lenger har høgt gras å gjømma seg i etter slått. Vi vil likevel oppfordra til å ta mest mogleg omsyn ved slått – til dømes med å skru opp slåmaskina mest mogleg. Eit anna grep ein kan gjere er å starta slåtten sentralt i hekkeområdet og sirkla seg utover i staden for å sirkla seg innover. Vi stiller gjerne opp i slåtteområdet for å bidra til ein best mogleg

tilpassa slått dersom vi får beskjed i rimeleg tid før aktuelt slåttetidspunkt. På det viset kan det kanskje vere håp om å få berga eit fåtal ungar.

### *Grunngjeving*

Alle hekkeområde er i jordbruksområde med grasproduksjon. Kostnadane ved utsett slått fram til 15. juli har vi tidlegare vurdert til å kunne bli på om lag 30 000,- pr økologisk funksjonsområde for dei intensivt drivne areala i dette området. Kostnadane vil bli mindre ved kortare utsetting til 5. juli, og særleg i eit år som dette med svært sein vår og tilsvarande seinare naturleg slåttetidspunkt. På den andre sida vil reduserte avlingar føre til fôrmangel og høge innkjøpsprisar på fôr. Vi vurderer difor at eit forbod mot slått vil representere ”vesentleg vanskeleggjering og tap”, slik det står i forskrifta §4.

MD har klårgjort for oss i epost dagsett 7. mai i år at grunneigarar som ikkje vil søke om tilskot kan søke om dispensasjon dersom han opplever ”vesentleg vanskeleggjering og tap” uavhengig av at han har tilbod om tilskot. Det vil seie at vi må sjå bort frå høvet til tilskot i vår vurdering av om han har vesentleg tap i vår vurdering av ein dispensasjonssøknad.

### *Klage*

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker og etter forvaltingslova sine reglar. Klagen skal sendast til oss, men vert handsama av Direktoratet for naturforvaltning dersom vi ikkje endrar eige vedtak.

Med helsing

Audun Steinnes  
fung. ass. fylkesmiljøvernshjef

Anders T. Braa  
viltforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anders T. Braa  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 14  
E-post: fmroatb@fylkesmannen.no

### Kopi til:

Jon Tore Refve	Nordsjøvegen 570	4352	KLEPPE
Are Haugland	Ergaveien 210	4343	ORRE
Miljøverndepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Norsk ornitologisk forening	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
Direktoratet for naturforvaltning	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Jarlov Reve	Nordsjøvegen 594	4352	KLEPPE
Trond Kristian Refve	Nordsjøvegen 502	4352	KLEPPE
Kjell Harald Horpestad	Nordsjøvegen 1033	4343	ORRE
Thor Refve	Nordsjøvegen 520	4352	KLEPPE
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe